



**DET KONGELEGE
JUSTIS- OG BEREDSKAPSDEPARTEMENT**

Helse- og omsorgsdepartementet
Postboks 8011 Dep
0030 OSLO

Dykkar ref.
14/1231

Vår ref.
14/4139 - ÅST

Dato
08.09.2014

Høring - forslag til endringer i blåreseptforskrifta

Vi viser til brev frå Heles- og omsorgsdepartementet av 7. juli 2014 med vedlegg.

Justis- og beredskapsdepartementet har følgjande merknader:

Utkastet til ny § 4a i forskrifta er svært langt, med ti ledd. Det bør vurderast å dele dette opp i to paragrafar, til dømes slik at vilkåra for stønad går fram av ein paragraf, medan sakshandsamingsreglane utgjer ein annan.


Det bør i ei forskrift ikkje visast til «forrhige ledd», men til det aktuelle talfesta leddet, til dømes tredje ledd.

Det er uklart for oss kva som ligg i utkastet til sjette ledd, der det heiter at Statens legemiddelverk skal handsame søknaden «før de frister som følger av legemiddelforskriften § 14-23». Er det her meint at handsaminga skal skje innanfor desse fristane? Det bør koma tydelegare til uttrykk kva ein meiner her.


I utkastet til niande ledd heiter det at i påvente av avgjerda frå Helse- og omsorgsdepartementet skal Helsedirektoratet eller anna organ direktoratet utpeikar, setje nærare vilkår for individuell stønad. Ut frå høyringsnotatet punkt 2.3.4 verkar det som om den avgjerda ein ventar på frå departementet, er nettopp denne forskrifta, der utkastet no er på høyring. Dei vilkåra det blir vist til i punkt 2.3.4 nest siste avsnitt, er dei same som i utkastet blir føreslege forskriftsfesta. Det kan då ikkje visast til ei

komande avgjerd frå departementet i forskrifta. Utkastet til niande ledd må såleis endrast eller fjernast.

Med vennleg helsing



Harald Aass
fagdirektør



Åshild Tveit Arnstorp
rådgjevar